

Brukarorganisasjonar og fylkeskommunale råd

Dato: 05.07.2019
Vår ref.: 2019/10024-5
Saksbehandlar: rolrose
Dykkar ref.:

Tildeling av statlege midlar til TT-ordninga

Samferdselsdepartementet har i brev av 28.06.2019 (vedlagt) tildelt Hordaland fylkeskommune 28,5 mill kr til TT-ordninga for 2. halvår 2019. Tildelinga er i samsvar med søknaden. Ifylgje departementet sine retningslinjer for ordninga, er det rullestolbrukarar og blinde/sterkt svaksynte som skal nytta godt av denne tilleggsløyvinga. Det inneber at det per d.d. er 2.540 brukarar som får auka kvote.

I søknaden til departementet tok me utgangspunkt i at utnyttingsgraden hjå brukarane ville vera 70%. Dette ut frå våre egne erfaringar med utnyttingsgrad av dei fylkeskommunale kvotane. Dette inneber at det vert fordelt ut 40,6 mill kr for 2. halvår. Fylkeskommunen tek med dette ein finansiell risiko. Departementet skriv om dette:

Vi minner for ordens skyld om at når disse midlene er tildelt, har fylkeskommunene ikke bare ansvar for gjennomføring, men også et finansielt ansvar. Samferdselsdepartementet ber mottakende fylkeskommuner om å følge kostnadsutviklingen tett gjennom året. Dersom det i løpet av året viser seg at tildelte midler ikke er tilstrekkelig til å dekke 200 enkeltreiser for hver bruker, kan fylkeskommunen foreta kutt i tildelingen til den enkelte bruker.

Tildeling av fylkeskommunal kvote er differensiert mellom rullestolbrukarar/blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar med elektrisk rullestol i forholdet kr 7.500/kr 9.500. I fordelinga av den utvida kvoten har me lagt til grunn same forholdet. Dette er gjort fordi brukarar med elektrisk rullestol har vesentleg høgare gjennomsnittleg turpris med drosje enn andre brukargrupper. Me syner og til at departementet legg til grunn at utover departementet sine retningslinjer for den utvida ordninga gjeld fylkeskommunen sitt eige regelverk for TT-ordninga.

Dette inneber at:

- brukarar med elektrisk rullestol får kr 18.300 i ekstra kvote for 2. halvår
- brukarar med manuell rullestol/blinde/sterkt svaksynte får kr 14.400 i ekstra kvote for 2. halvår

Me legg opp til at dei aktuelle brukarane skal få fylt på kortet med ny kvote innan utgangen av veke 28. Den einskilde brukar får brev om dette.

Departementet legg opp til å vidareføra ordninga med utvida kvotar til einskilde brukargrupper. Det må likevel søkast kvart år, men ein kan truleg leggja til grunn at Vestland fylkeskommune får midlar i 2020 og vidare framover.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Sendt til:

Norges Blindeforbund Hordaland

FFO Hordaland

SAFO Sørvest

Eldrerådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.